



## SANDE KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet  
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 17.02.2021  
Tid: 09.30 – 12.00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Elisabeth Kirkholm	Leiar	H
Silje Ekroll Riborg	Nestleiar	Sp
Hilde Iren Sætre	Medlem	H
Torbjørn Rekdal	Medlem	Frp

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Kenneth Rusten	Medlem	TvP

Varamedlemmar som møtte:

Namn		
Kim Skarmyr	Vara	TvP

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Karoline Sighaug	Rådgivar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Haldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor. I sakene 59-63

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Olav Myklebust	Ordførar. Ikkje i sak 7, deler av 8 og ikkje i sak 11 og 12.
Øystein Jarl Johansen	Kommunalsjef for oppvekst og kultur. I sak 6.
Bård Dalen	Kommunalsjef for helse og omsorg. I sak 7.

## **SAKLISTE**

- SAK 01/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 02/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/21 MELDINGAR
- SAK 04/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 05/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021
- SAK 06/21 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – OPPVEKST OG KULTUR
- SAK 07/21 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – HELSE OG OMSORG
- SAK 08/21 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 09/21 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 10/21 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 11/21 TILSYNSRAPPORT VEDTAK - RETT TIL SPESIALPEDAGOGISK HJELP OG INDIVIDUELT TILRETTELAGT BARNEHAGETILBOD
- SAK 12/21 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
01/21	033	03.02.2021	17.02.2021	KS

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vart tatt i denne rekkefølga:  
1,2,3,4,5,8,9,10,7,6,11,12.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Silje Ekroll Riborg.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
02/21	049	03.02.2021	17.02.2021	KS

## **GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 18.11.2020.

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 18.11.2020.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
03/21	033&17	03.02.2021	17.02.2021	KS

## **MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### **Vedlegg**

1. Brev, av 13. januar 2021. «Einar Heimdal – Dagleg leder – Andre arbeidsoppgaver».
2. Dokument, av 17.12.2020. «Melding om vedtak- Plan for eigarskapskontroll 2021-2024»
3. Dokument, av 17.12.2020. «Melding om vedtak- Selskapskontroll av SSR IKS – Oppfølging».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/21	033&58	07.01.2021	17.02.2021	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside - <https://innsyn.sande-mr.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=51&>

### Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:	19.05			
Arbeidsgruppe for miljøtiltak i jordbruket:	29.10			
Arbeidsgruppe forvaltningsplan hjortevilt:	13.10	<b>10.11</b>	<b>01.12</b>	
Eldrerådet:	02.11	<b>01.12</b>		
Evalueringsgruppe Skulestruktur:	10.02			
Formannskapet:	06.10	<b>17.11</b>	<b>24.11</b>	<b>08.12</b>
Helse- og oppvekstutvalet:	04.11	<b>02.12</b>		
Kommunestyret:	27.10	<b>15.12</b>		
Næring-, teknisk- og miljøutvalet:	04.11	<b>02.12</b>		
Prosjektgruppe Samferdsel:		<b>10.12</b>		
Råd for likestilling av funksjonshemma:	03.11	<b>01.12</b>		
Ungdomsrådet:	12.10	<b>30.11</b>		
SSR IKS – styret	26.06			
SSR IKS – representantskapet	14.05			

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/21	033&58	03.02.2021	17.02.2021	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside - <https://innsyn.sande-mr.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=51&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:

Arbeidsgruppe for miljøtiltak i jordbruket: **07.01**

Arbeidsgruppe forvaltningsplan hjortevilt:

Arbeidsgruppe Skulestruktur i Sande: **28.01**

Eldrerådet:

Evalueringsgruppe Skulestruktur:

Formannskapet: **12.01 26.01**

Helse- og oppvekstutvalet: **20.01**

Kommunestyret:

Næring-, teknisk- og miljøutvalet: **20.01**

Prosjektgruppe Samferdsel: **21.01**

Råd for likestilling av funksjonshemma:

Ungdomsrådet:

Valstyre:

SSR IKS – styret

SSR IKS – representantskapet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
<b>06/21</b>	030&18	09.02.2021	17.02.2021	KS/JS

## **ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – OPPVEKST OG KULTUR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for oppvekst og kultur til vitende.

### **I møtet**

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Øystein Jarl Johansen ga ei grundig orientering med PowerPoint og svara på spørsmål.

PowerPoint vert sendt over til sekretariatet som vil legge ut på heimesida som vedlegg til saka. Ein viser til denne.

### **Saksopplysning**

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Øystein Jarl Johansen er kalla inn for å orientere om sitt ansvar- og arbeidsområdet, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/21	030&18	09.02.2021	17.02.2021	KS/JS

## **ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – HELSE OG OMSORG**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for helse og omsorg til vitende.

### **I møtet**

Kommunalsjef for helse og omsorg Bård Dalen ga ei grundig orientering og svara på spørsmål. Kontrollutvalet fikk utdelt eit hefte, som sekretariatet vil legge ut på heimesida som vedlegg til saka. Ein viser til denne.

### **Saksopplysning**

Kommunalsjef for helse og omsorg Bård Dalen er kalla inn for å orientere om sitt ansvar- og arbeidsområdet, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunalsjef for helse og omsorg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/21	033	09.02.2021	17.02.2021	KS/JS

## **ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020**

### **Samrøystes innstilling**

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2020 til vitende.

### **Vedlegg**

Årsmelding for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

### **Saksopplysning**

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/21	033	09.02.2021	17.02.2021	KS/JS

## **ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021**

### **Samrøystes innstilling**

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2021 til vitende.

### **Vedlegg**

Årsplan for kontrollutvalet 2021. Utarbeidd av Vest Kontroll.

### **Saksopplysning**

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/21	033	03.02.201	17.02.2021	KS

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtar møteplan i samsvar med sekretariatet sitt forslag, men ei endring: møtet 27.april vert flytta til 3.mai kl.13:45.

### Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

### Saksopplysningar

I 2021 er det i tillegg til 17.februar sett opp møte 27. april, 4. juni, 6. oktober og 9 november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/21	099	09.02.2021	17.02.2021	KS/JS

## TILSYNSRAPPORT VEDTAK - RETT TIL SPESIALPEDAGOGISK HJELP OG INDIVIDUELT TILRETTELAGT BARNEHAGETILBOD

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til orientering.

### Vedlegg

1. Tilsynsrapport frå Fylkesmannen, av 04.11.2020. (følgjer saka som uprenta vedlegg, **unnateke offentleg innsyn Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1.**)
2. Oversendingsbrev – Tilsynsrapport med regelverksbrot, av 04.11.2020.

### I møtet.

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Øystein Jarl Johansen ga ei grundig orientering og svara på spørsmål.

### Saksopplysning

Fylkesmannen opna tilsyn med Sande kommune i brev 03.12.2019.

Formålet med tilsynet er å sikre at barn med særlege behov for hjelp og tilrettelegging får oppfylt sine rettar etter barnehagelova kap. V.A.

Under tilsynet avdekka dei lovbrøt ved kommunen si praksis med utarbeiding av sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialpedagogisk hjelp og gjennomføring av pedagogisk hjelp.

### Pålegg om retting:

#### Utarbeide sakkunnige vurderingar (PPT).

1. Kommunen må sørge for at det blir utarbeida ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova for barnet før den fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp, jf. Barnehagelova §§ 19 c jf. 19 a, 19 d og 19 b andre ledd og forvaltningslova §§ 11 a og 17. Kommunen må i samband med dette sjå til at PPT:

- a) Utarbeider sakkunnige vurderingar i dei tilfella barnehagelova krev det.
- b) Utarbeider sakkunnige vurderingar så snart som mogleg.
- c) Gjer greie for og tek stilling til kva organisering som vil bidra til barnets utvikling og læring.
- d) Gjere greie for og tek tydeleg stilling til kva kompetanse dei som hjelpa bør ha.

Fatte vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

2. Kommunen må sørge for å fatte vedtak som oppfyller retten til spesialpedagogisk hjelp og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, jf. barnehagelova § 19 a, b og e og forvaltningslova §§ 2, 11 a, 17, 23, 24, 25 og 27. Kommunen må i samband med dette sjå til at:
- a) Det vert fatta enkeltvedtak etter barnehagelova § 19 a når det gjeld logopedhjelp.
  - b) Foreldre får moglegheit til å uttale seg om innhaldet i sakkunnig vurdering før det blir fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
  - c) Saka er tilstrekkeleg opplyst før ein fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
  - d) Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld tydeleg informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.
  - e) Vedtak, som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga, blir grunngjeve.
  - f) Det blir teke stilling til kva som er til barnets beste når det blir fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp.

3. Kommunen må sørge for å gjennomføre den spesialpedagogiske hjelpa i samsvar med vedtaket og følgje opp dette, jf. barnehagelova §§ 19 a, b, c, og e. Kommunen må i samband med dette sjå til at:
- a) Barn får den hjelpa det har rett på i samsvar med vedtaket (innhald, varigheit, omfang, organisering og kompetanse).

Kommunedirektøren orienterer i møtet.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/21	033	09.02.2021	17.02.2021	JS

**SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING**

**Samrøystes vedtak**

Kommunedirektøren vert kalla inn på neste møte for å orientere om oppgåvene AMU og for å svare på spørsmål frå kontrollutvalet.

**Møtet slutt.**

Elisabeth Kirkholm  
Leiar

Silje Ekroll Riborg  
Nestleiar



**Utskrift til:**

**Kommunestyret som melding.**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Kommunedirektør – til orientering.

Ordfører – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.